



Ivar Fjeld har trua på utstrekt kontakt mellom Irland, Skottland og Noreg òg før vikingtida. Arkivfoto.

Meiner havstrilen kom vestfrå

Journalist Ivar Fjeld meiner det er klare haldepunkt for at kontakten mellom Dei britiske øyane og Noreg var utstrekt før norrøn tid, og grunnjev dette med gentestar.

Ivar Fjeld har i fleire år sysla med slektskapet mellom folket yttst på dei skotske øyane, på den irske vestkysten og oss sjølve, havstrilane. Han peikar på at han har funne ordet stril, straouill, nytta i fylket Connemara heilt vest i Irland, at det ordet der skildrar ein omstreifar, eller ei uflidd kvinne.

– Denne ordtydinga passar særskilt mykje betre òg for oss, enn dei tydingane danskane skal ha gjeve ordet, altså ein som strittar og strevar i mot, seier Fjeld, som gav ut ein roman med grobotn i teoriane sine. Boka *Blod i Spor, Fanga av vikingar i Irland* sender lesaren på ei reise til nettopp Irland, der slektskap og DNA er blant hovudingrediensane.

Fjeld har fått gentesta 20 havstrilar, hovuddelen av dei frå Sund og Fjell, men òg ein austevolling. Fjeld hevdar at 70 prosent av dei han fekk testa

har slekts treff til MacDonald-klanen på Hebridane, og 65 prosent òg skal ha genetiske band til Irland.

– Desse tala bør vera av interesse for forskarar. Me treng at strilane sitt opphav vert meir interessant for det akademiske miljøet, poengterer Fjeld, som i eit par tiår har hatt tilhald i Goa i India, der han har vore predikant.

Ikkje dokumentert

Fjeld indikerer overfor Marsteinen at det kan ha vore utstrekt kontakt mellom irsk-skotske munkar og Norskekysten òg forut for den norrøne tida, altså tidleg middelalder (ca. 500 - 725). At dette ikkje er dokumentert nokon stad, tilskriv han mellom anna vikingane sine herjingar. Dei raida ei rekkje kloster og eventuelle skriftlege kjelder kan ha gått tapt. Den norrøne saga vart i stor grad skrivne på Island mange hundre år seinare.

– Likevel ser me namn som Papefjeld på hollandske kart frå 1600-talet. Mykje av den skotske og irske innflytinga på Noreg har vorte viska bort då me var under dansk herredømme, seier Fjeld. Papefjeld var namnet på Møkstrafjorden, og pape

var norrønt for munk.

Professor i arkeologi ved universitet i Bergen, Sæbjørg Walaker Nordeide, avviser slett ikkje at det kan ha vore kontakt mellom dei britiske øyane og Noreg òg før vikingtida.

– Vestlandet kan mellom anna ha vorte befolka ved innvandring over det såkalla Nordsjøkontinentet i eldre steinalder. Elles var det jamn kontakt vestover i vikingtida, men det kan òg ha vore kontakt før det, liksom mot Danmark, seier Walaker Nordeide til Marsteinen. Ho legg til at dei irske munkane konkurrerte med pavekyrkja om å misjonera på det europeiske fastlandet, men at det er usikkert om dei kom seg til Noreg. Vidare er det funne ein del importfunn frå dei britiske øyane på Norskekysten, men desse har forskarane forklara med at dei har vore tjuvgods frå vikingtokt.

Avviser segn

Medan Fjeld bit seg fast i segna om dei tre keltiske prinsessene Ingeborg, Borni og Sunniva, avviser forskinga historia om Synniva. Professor Walaker Nordeide poengterer at Alf Tore Hummedal har vist at hola på Selje var ei heilt ordinær ei. Ho

var bebudd òg i jernalderen, slik som var vanleg i Noreg, men ikkje i vikingetida.

– Sunniva-legenda er nok oppdikta for å hjelpa med etableringa av kristendommen i Noreg, for deretter å flytta den antekne helgenen til Bergen for å etablere bispesetet der, seier professoren og viser til arbeidet til Knut Helle kring dette spørsmålet.

Walaker Nordbø forklarar at utvandringa i hovudsak skjedde vestover frå Noreg, og ikkje den andre vegen. Nordmennene har hatt stor påverknad på dei skotske øyane, noko som vert spegla i språk, stadsnamn og kulturminne. Ho vil heller ikkje vera overraska om påverknaden kan ha gått andre vegen.

Medan gentestar har vist at islendingane har hatt mykje kvinneleg opphav frå Irland og Skottland, kom mennene hovudsakleg frå norrønt område. Samstundes viser nyare testar at befolkninga i England har lite påverknad frå norrøne i arvematet sitt, trass i at områda var underlagt den danske kongen på slutten av vikingtida.

M Trond Hagenes
trond.hagenes@marsteinen.no

Glad for Listhaug

Stortingsrepresentant Helge André Njåstad (Frp) uttaler til Sunnhordland at han trur innvandrings- og integreringsminister Sylvi Listhaug har brei støtte blant lokale veljarar.

– Inntrykket mitt er at Listhaug har stor støtte i Hordaland. Hennar haldning byggjer på dei kristne verdiane, og denne verdiarva står sterkt her. Ho er ein viktig ambassadør for Frp, seier Njåstad til avisa Sunnhordland.

Vurderer spleiselag

Ordførar Morten Storebø (H) skriv i saksframlegg til politikarane i kommunen at Austevoll kommune må vurderer medfinansiering av ei nattferje til og frå øyane, og at ein dermed må i dialog med næringslivet for å sikra dette som ei back up-løysning for hovudstrategien til kommunen: Å sikra nattavgang på fylkeskommunen si rekning. Kostanden ved nattlege avgangar er rekna til ein stad mellom 4,8 og 6,1 millionar, går det fram av saksframlegget.

Skal overvaka Austevollsvalet

Internasjonale valobservatørar kjem til Austevoll for å halda eit auge med korleis stortingsvalet vert gjennomført. Seniorrådgjevar Lene Wetteland er vertsskap når dei skal kontrollere oppteljinga i Bergen og på øyane våre.

Marina Tsjufarina fra Russland meiner det er interessant å observera val i eit land som er rangert på topp på demokratiindeksen:

– Eg vil vera spesielt merksam på sjølve stemmegjevinga og kva som vert gjort for å unngå forfalsknngar, seier Tsjufarina.

Totalt er det 26 valobservatørar som vitjar 13 kommunar.